



Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ KD

Dato: 13.09.2021

Arkivk.: lk/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 01 I LANGRENNSKOMITEEN, 2021-2023

Stad: Thon Hotel Jølster
Tidspunkt: Måndag 13. september 2021

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 01 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste

RAPPORTERING

SAK 02 21-23 Rekneskapsrapport pr. 26.08.2021

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 03 21-23 Konstituering av Langrennskomiteen 2021-2023

SAK 04 21-23 Krinslaga i langrenn 2021-2022

SAK 05 21-23 Breiddesamlingar

SAK 06 21-23 Nasjonale renn og meisterskap 2021-2022

SAK 07 21-23 Haustmøte 2021

EVENTUELT

SAK 08 21-23 Haustmøte 2021 NSF langrenn

SAK 09 21-23 Møteplan LK 2021

TIL STADES: Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Torstein Blikra, Sveinung Pile Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL:

MERKNADER: Torstein Blikra og Sveinung Pila deltok digitalt via Teams.

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 01 21-23

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

RAPPORTERING

SAK 02 21-23

Rekneskapsrapport pr. 26.08.2021

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 26.08.2021 er lagt ved som eige vedlegg.

Rapporten vert presentert i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering, og ber samstundes om å få ein nærare gjennomgang av økonomiske rammer og ansvar i neste møte.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 03 21-23

Konstituering av Langrennskomiteen 2021-2023

Bakgrunn

Arbeidsfordeling til val og til følgjande funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem til anleggskomiteen
- Økonomi/ sponsor ansvarleg
- Utdanning/ utvikling ansvarleg
- Terminliste ansvarleg
- Etc.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- Nestleiar:
- Medlem til anleggskomiteen:
- Økonomi/ sponsor ansvarleg:
- Utdanning/ utvikling ansvarleg:
- Terminliste ansvarleg:

Saka vart drøfta i møtet, og skal følgjast opp i neste møte.

SAK 04 21-23

Krinslaga i langrenn 2021-2022

Bakgrunn

Krinslaget i langrenn 2021-2022 består av til saman 51 utøvarar.

34 utøvarar er knytt til det ordinære krinslaget, der 6 løparar har «vinterpakke». Nokre av desse deltek på enkeltsamlingar etter avtale.

Impulslaget (f. 2006) består av 11 utøvarar.

Trenarar 2021-2022

Hovudtrenar: Simen Bækken og Roger Øye Pollen

Krinslagskontigent 2021-2022

- Impulslag (2006): Kr. 4000,-
- Junior (2002-2005): Kr. 13 000,-
- Senior (2001-): Kr. 15 000,-
(inkl. opne samlingar med Team Elon Vest og fellessamlingar med Hordaland/Agder og Rogaland Skikrets).

For utøvarar som ikkje ynskjer å delta på samlingsopplegget, men som har planar om å delta på nasjonale arrangement kommande vinter kan ein ta del i skikrinsen sitt fellesopplegg vinterstid ved å «kjøpe» ein «vinterpakke»:

- «vinterpakke» junior/senior, kr. 6 500,- (inkl. krinslagsklede)

Ved å gjere seg nytte av denne «pakken» vil ein få eit tilrettelagt opplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap knytt til smøring av ski og logistikk.

Vidare blir krinslagskontigent bestemt etter trappemodell som følgjer av vedtak i sak 78 19.21;

«Videre gjer komiteen vedtak om å innføre ein trappemodell for krinslageskontigent iht. framlegg frå Førde IL. Modellen vert prøvd utfor sesongen 2021/2022, og lagt fram på Vårmøte 2021.»

Framlegg på modell frå Førde IL:

Senior	1-5 utøvarar	6-10 utøvarar
Kontingent	Kr. 15 000	Kr. 13 000

El. junior/ Y. junior	1-5 utøvarar	6-10 utøvarar	11-15 utøvarar
Kontingent	Kr. 13 000	Kr. 10 500	Kr. 9 500

Samlingsplan 2021-2022

Fokus	Stad	Dato	Senior	Junior	Impuls
Ski	Sognefjellet/Skjolden	27.-30. mai	X	X	
Barmark	Førde	1.-4. juli	X	X	X
Barmark	Markane	12.-15. august	X	X	
Barmark	Sogndal	2.-5. september	X	X	X
Barmark	Hemsedal	23.-26. september	X	X	
Barmark	Førde	13.-17. oktober	X	X	
Ski	Beitostølen	10.-14. november	X	X	X
Ski	Gålå (FIS-renn)	26.-28. november	X (+ eldre jr.)		
Ski	Vintersamling?	Før jul?	X	X	

Samlinga i Markane vert gjennomført saman med Møre og Romsdal Skikrets.

For seniorutøverane vert det også bli lagt til rette for samlingar saman med Team Elon Vest, samt fellessamlingar med Hordaland Skikrets og Agder og Rogaland Skikrets. Tidspunkt og stad for desse samlingane er ikkje avklara p.t., men dei kjem i tillegg til samlingane ovanfor.

VEDTAK

Langrennskomiteen drøfta saka i møtet, og gjer vedtak om å styrke kapasiteten på trenarsida resten av sesongen. Aktuelle trenarar til Hemsedalsamlinga blir kontakta.

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om å flytte Førdesamlinga fram til 8-12. oktober, for å få det samtidig med Enivest Skiskule.

SAK 05 21-23

Breiddesamlingar

Bakgrunn

Av breiddesamlingar for aldergruppa 11-15 år er det førebels planlagt;

- Treningsdag på Ullsheim 11. september ved Markane IL, med Sjur Ole Svarstad som hovudtrenar.

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2021/8/treningsdag-pa-ullsheim/>

- Førde IL og Gaular IL arrangerer treningsdag på Langeland 26. september.

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2021/9/miljosamling-langeland-2021/>

- Enivest Skiskule i Førde 8-10. oktober, ved Førde IL og Gjørnan Tefre (aldersgruppe 12-16 år).

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2021/9/enivest-skiskule-2021/>

- «Treningssamling på tvers» (12 år og eldre) på Idrettens Møteplass, Sogndal 30. oktober 2021.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 06 21-23

Nasjonale renn og meisterskap 2021-2022

Bakgrunn

Terminlistas hovudpunkt og sesonginformasjon for nasjonale og internasjonale renn er klart;

<https://www.skiforbundet.no/langrenn/skirenn/terminlisten-og-hovedpunkter/>

Norges Skiforbund vil reservere overnatting/ innkvartering for samtlege kretsar i samband med følgjande arrangement:

- Hovudlandsrenn Holmenkollen, 25.02-27.02.
- Norges Cup Voss, 14.01-16.01
- NM/ Norges Cup Nes, 11.02-13.02
- Norges Cup Meråker (17-18 år), 11.03-13.03
- Norges Cup Steinkjer (kun jr. 19/20 år), 11.03-13.03



Når det gjeld øvrige nasjonale arrangement reserverer skikrinsen v/ adm. innkvartering.

I det vidare arbeidet med nasjonale renn og meisterskap skal komiteen avklare kven som skal vere hovudleiar og støtteapparat på dei ulike arrangementa.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og følgjer opp aktuelle ressurspersonar til nasjonale renn.

SAK 07 21-23

Haustmøte 2021

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2021 skal avviklast 30. oktober i Sogndal på Idrettens Møteplass.

Rammeprogram:

Kl. 10.00: Felles foredrag

Kl. 12.00: Lunsj

Kl. 13.00-16.00: Haustmøte for Sogn og Fjordane Skikrins

Parallelt med Idrettens møteplass vert det avvikla ei treningssamling for utøvarar i aldersgruppa 12-19 år med basisøker på tvers av idrettar.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering. Agenda til Haustmøte blir vedtatt i neste møte.

EVENTUELT

SAK 08 21-23

Haustmøte 2021 NSF langrenn

Bakgrunn

NSF langrennskomiteen held Høstmøte 2021 på Scandic St. Olavs Plass Oslo, 15-17. oktober, med foreløpig sakliste:

Fredag

Innledning, velkommen, presentasjon av og status LK
Info/rapport fra langrennsadministrasjonen

Lørdag

Terminliste/sesonginformasjoner
Fluor
Info fra FIS
Strategiplan LK 2021-2024

Søndag:

Kostnadsreducerende tiltak/Reisefordeling,
Distanser/løypeprofiler – sak innmeldt og forberedt av Buskerud Skikrets



Påmelding til Høstmøtet er 22. september 2021.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

SAK 09 21-23

Møteplan LK 2021

Bakgrunn

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak å halde møte nr. 2 21-23, 7. oktober, og møte nr. 3 21-23, 15. november (med forbehold om endringar).

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef